

## ***Referat frå elevråd 26.04.2010***

**Til stede:** Katrin Persche, Ingunn Varhaug, Sunniva Veland, Anders Larsen, Knudsen, Yacob Stangeland, Jonas Ediassen, Karoline Erevik, Tiril Thu, Roger Fossan, Elise Ediassen, Bjørnar Madland

### **Sak 1 Ordensreglar:**

#### *10. klasse*

Ønskjer å ha lue, mobil og tyggi.

Ønskjer at det skal vera lov å kaste snøball (planlagt snøballkrig), at dei skal kunne stå bak haugen å kaste snøball.

#### *8. klasse*

Ønskjer lue.

Ønskjer gjennomgang i aktivitetsrommet.

Har same ønske som 10. klasse om snøballkasting.

Ønskjer å ha snop.

Ueinig i forbod mot mobil og kamera, og at foreldre skal henta konfiskert mobil.

Ønskjer tyggi.

Bør få ha mobil i sekken.

Vil ikkje ha lekser i ferien.

Ønskjer at det er valfritt om ein skal ha sykkelhjelm. Viss ein gløymer kan ein ikkje vera med er regelen no.

Vil ikkje at skulen blandar seg inn i fritida.

Vil ikkje bli straffa med at foreldra skal vera med på tur.

Om ein gjer noko gale bør 5, 6 og 7 og kunna bli utvist, ikkje bare 8 – 10.

#### *7. klasse*

Ok på alt. Men bør kunne ha lue og mobil (mobil i sekken).

#### *6. klasse*

På Melingsbussen sit dei små alt for langt bak.

Syns det er urettferdig at det bare er 8 – 10 som får vera inne i storefri.

Syns ungdomskuleelevar bråkar ein del i gangane.

Ønskjer å ha med tyggi og brus på skulen.

Ønskjer mobil og kamera (i sekken).

#### *5. klasse*

Ønskjer å fjerna busskort for dei som har gratis buss.

Fleire vakter på mellomtrinnet i friminutt.

Ønskjer å sykla i friminutt på bmx bane (Terrengsykling/stunt)

Kunne bruke rollerblades eller brett med fullt utstyr på rampen.

Ha ein plass der dei kan ha snøballkrig på eit avgrensa område.

Ønskjer lue inne.

## **Sak 2 Skulegenser:**

Me hadde avstemming om kva fargar og logo me skal ha på hood – jacket og t – skjorte. Det vart logo nummer 23 ”dont mess with Forsand skule”.

Hood – jacket i fargar svart, rosa og marineblå

T – skjorte i fargar rød, blå og svart

## **Sak 4 Administrasjonen informerar:**

### **Ingeborg Søyland informerar:**

Ballvegg: plassering ved utkanten av fotballbanen? Forslag om plassering mellom dei to små banane.

Skulemiljø: Info om at administrasjonen ønskjer idear for at trivselen kan auke ved skulen. Både inne og utemiljø. Ein kan tenkje nytt korleis ein kan endre både når det gjeld nyinnkjøp og endringar ved anna bruksområde, til dømes bruke rom/ting til andre saker enn bare skulearbeid.

Korleis har me det saman? Korleis kan/vil me gjera noko for at me kan gjera kjekke ting saman. Finna på felles aktivitetar som er bra for eit godt skulemiljø.

Informerer om at det skal bli oppretta ei lita gruppe som skal jobbe med dette. Ei elevgruppa som kan møtas og diskutera dette. Forslag om ein elev frå kvar klasse som kan vera med i ei ”miljøgruppe”, ein av dei som allereie er med i elevrådet.

Håper at denne gruppa kan starta opp allereie denne veka.

### **Ingunn Varhaug informerar:**

#### Plan for uteområdet:

Uteområdet skal endras no. Teknisk og kommunen er klar til å begynne. Elevrådet må meine noko om korleis uteområdet skal vera. Ein av elevane frå elevrådet, leia Sunniva Veland, skal leggja fram planen om dei prioriterte forslaga elevrådet har om uteområdet. Småendringar ute kan skje ganske fort, men elevane må koma med forslag.

#### Engasjement:

Elevar må få vera med å bestemma korleis skuledagen skal vera, dette kan auka trivsel. Rektor ønskjer å få vite kva elevane har å seie, og ønskjer å vite kva som kan gjera skuledagen for elevane betre. Rektor og administrasjonen spelar på lag med elevane og ønskjer at alle skal få det betre.

#### Nytt klasserom:

Ein frå 8. og ein frå 9. skal vera med i ei gruppe saman med arkitekt og andre vaksne korleis dette nye rommet skal verta sjåande ut. Elevar skal få vera med å bestemma. Ein elev frå 8. og ein i frå 9. i elevrådet skal vera med i gruppa, elevrådet vel kven.

Referent: Katrin Persche